Fylkesmannen i Hordaland

SCHLUMBERGER NORGE AS AVD LAGER MONGSTAD

Bergen, 5. april 2018

5954 Mongstad

Sendt på e-post til: kgjerde@slb.com, jfanebust@slb.com og sengen@miswaco.slb.com

Dykkar ref.:
Kjetil Gjerde

Vår ref.(oppgi ved svar):
2016/3759
Sakshandsamar:
Nina Vadøy

Rapport frå inspeksjon ved SCHLUMBERGER NORGE AS Mongstad – mottak og mellomlager boreavfall

Kontrollnummer: 2018.094.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:	*Frå Fylkesmannen i Hordaland:*
Kjetil Gjerde og Jørn Fanebust	Nina Vadøy og Hallvard Hageberg

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved SCHLUMBERGER NORGE AS Mongstad - mottak og mellomlager boreavfall den 22. februar 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 1 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen innan følgjande tema:

- internkontroll for ytre miljø

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Nina Vadøy	Hallvard Hageberg
overingeniør	senioringeniør

Kopi til: Lindås kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: SCHLUMBERGER NORGE AS AVD LAGER MONGSTAD	
Organisasjonsnr.: 981313259	**Eigd av:** 968360302
Bransjenr. (NACE-kode): 09.109 - Andre tjenester tilknyttet utvinning av råolje og naturgass	

Kontrollert eining

Namn: SCHLUMBERGER NORGE AS Mongstad mottak og mellomlager boreavfall	**Anleggsnr.:** 1263.0083.05
Kommune: Lindås	**Fylke:** Hordaland
Anleggsaktivitet: Farlig avfall - mottak og mellomlagring	
Løyve gitt: 21.05.2012	**Sist endra:** 20.10.2017

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forforureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for mottak og mellomlagring av farleg avfall. Aksjonen er landsdekkande.

Tilsynet er gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- farleg avfall: mottakskontroll, journalføring, handtering, lagring, vidarelevering, finansiell sikring
- utsleppskontroll
- internkontroll: avvikssystem, risikovurdering, beredskap
- løyve etter forureiningslova

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

SCHLUMBERGER NORGE AS Mongstad mottak og mellomlager boreavfall pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at SCHLUMBERGER NORGE AS Mongstad mottak og mellomlager boreavfall innan 15. juni 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmhopostmottak@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Hordaland v/Nina Vadøy.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 22. februar 2018. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forforureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder utan løyve etter forforureiningslova er fastsette i forforureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må SCHLUMBERGER NORGE AS Mongstad mottak og mellomlager boreavfall betale eit gebyr på kr 22 800,- for inspeksjonen, jf. forforureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forforureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1
Risikovurdering er mangelfull på ytre miljø

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6

Kommentar til regelverket:
Miljørisikovurdering
Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Miljørisikovurdering
Den skriftlege risikovurderinga var sist oppdatert i 2013. Det vart opplyst at det kunne vere ei anna risikovurdering som omtalte utslepp til vatn. Denne skulle sendast til Fylkesmannen etter tilsynet. Vi har ikkje fått tilsendt ei risikovurdering.

Risikovurderinga inneheldt generelle hendingar og forhold knytt til ytre miljø, men det mangla risikovurdering av lokale forhold. Til dømes var følgjande ikkje risikovurdert:

- utslepp av overvatn over oljeutskiljar frå ringmur
- utslepp av vatn ved emulgatorstasjon. Kjemikalium stod lagra nærme sluk og det var synleg søl ved stasjonen, sjå bilde 1. Dette vart påpeikt også i 2013.

7. Merknader

Vi ga ingen merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Svar på spørsmål om behandling av farleg avfall
Verksemda tek imot forureina vatn med boremud frå rigg. Avfallet blir sentrifugert og tilsett kjemikal før det går til gjenbruk på rigg. Under tilsynet vart spørsmålet om verksemda driv behandling av farleg avfall diskutert. Fylkesmannen har spurt Miljødirektoratet som har svart at dersom det verksemda tek imot ikkje er klassifisert som farleg avfall ved mottak frå offshore, men klassifisert som produkt, så er det ikkje mottak og behandling av farleg avfall og krev då ikkje løyve frå Miljødirektoratet.

Oljeutskiljar
Det vart opplyst at CCB Mongstadbase drifter oljeutskiljaren, tar årleg sjekk og kontroll. Etter tilsynet fekk vi tilsendt analyser frå oljeutskiljar på e-post.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyve etter forureiningslova datert 21.05.2012 med sist endring 20.10.2017

10. Bilde

Bilde er tatt av Fylkesmannen i Hordaland.

Bilde 1: Synleg søl av kjemikalium nærme sluk ved emulgatorstasjon.